



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Teknisk utval
Møtedato:	26.11.2024
Møtetid:	15:45 -17:20
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Aina Sleire	leiar	AP
Vebjørn Haugsdal	nestleiar	H
Bjørn Egil Nordland	medlem	SP
Veronika Hjartholm	medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Pia Yvonne Jakobsen	medlem	V

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ståle Daae	Pia Yvonne Jakobsen	SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Jan Kvingedal	sakshandsamar
Roald Kvingedal	Teknisk sjef
Anne Kristin Rafoss	rådgjevar

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 32/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 33/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå Teknisk Utval 22.10.24	
PS 34/2024	Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 - 2028	
PS 35/2024	Rammeløyve for riving av gamle Hummelfoss kraftverk	
PS 36/2024	Søknad om dispensasjon for deling av grunneigedom til buffersone mot MOWI - gbnr 38/14	
89/2024	Delegert sak	
90/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om rehabilitering av pipe - gbnr 14/19	
91/2024	Melding om delegert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom til næringsføremål - gbnr 52/10 og 52/11	
92/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for arealoverføring frå gbnr 6/10 til 6/104	
93/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om endring av mur - Gbnr 31/36	
94/2024	Melding om delegert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom til bustadføremål - gbnr 32/2	
PS 37/2024	Referatsak	

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 32/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 32/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 33/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå Teknisk Utval 22.10.24

Veronika Hjartholm (H) gjorde merksam på at framlegg til vedtak i sak 25/2024 vart sett fram av Ap og H og ikkje jobba fram i møtet slik det står i møteprotokollen.

Vedtak frå Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 33/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå Teknisk Utval 22.10.24:

Møteprotokoll frå Teknisk Utval 22.10.24 vert godkjent.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 34/2024 Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 - 2028

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til uttale i møtet:

- Teknisk Utval er uroa for kutta som er foreslegne til driftsutgifter til teknisk. Teknisk Utval råder derfor at dersom positivt årsresultat 2024, går desse midlane tilbake til teknisk.

Framlegg til uttale jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Uttale frå Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 34/2024 Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 - 2028:

Uttal frå Teknisk Utval: :

Teknisk Utval er uroa for kutta som er foreslegne til driftsutgifter til teknisk. Teknisk Utval råder derfor at dersom positivt årsresultat 2024, går desse midlane tilbake til teknisk.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 35/2024 Rammeløyve for riving av gamle Hummelfoss kraftverk

- Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram eit tillegg til framlegg til vedtak i møtet:

- før det vert søkt om oppstartsløyve bør Hummelfoss kraftverk med attverande konstruksjonar inne og ute 3D-scannast
- etter at tiltaka i rammeløyvet er gjennomført bør det etablerast informasjonstavle med QR-kode / nettadresse til digitalt museum på parkeringsplassen, der ein får tilgang til 3D modell av stasjonen, film, lyd, bilete og anna relevant informasjon kring bygget, drifta av stasjonen og tilhøyrande infrastruktur
- det bør vere ein forutsetning at Eviny etablerer eit system for jamnleg vedlikehald av informasjonstavla

Framlegg til vedtak med tillegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 35/2024 Rammeløyve for riving av gamle Hummelfoss kraftverk:

Vedtak frå Teknisk Utval:

Masfjorden kommune gjev rammeløyve til riving av gamle Hummerfoss kraftverk og opparbeiding av parkeringsplass på gbnr 49/55 som omsøkt med følgjande merknader:

- før det vert søkt om oppstartsløyve bør Hummelfoss kraftverk med attverande konstruksjonar inne og ute 3D-scannast
- etter at tiltaka i rammeløyvet er gjennomført bør det etablerast informasjonstavle med QR-kode / nettadresse til digitalt museum på parkeringsplassen, der ein får tilgang til 3D modell av stasjonen, film, lyd, bilete og anna relevant informasjon kring bygget, drifta av stasjonen og tilhøyrande infrastruktur
- det bør vere ein forutsetning at Eviny etablerer eit system for jamnleg vedlikehald av informasjonstavla

Løyvet vert gjeve i medhald av plan- og bygningslova sin § 20-1.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 36/2024 Søknad om dispensasjon for deling av grunneigedom til buffersone mot MOWI - gbnr 38/14

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 36/2024 Søknad om dispensasjon for deling av grunneigedom til buffersone mot MOWI - gbnr 38/14:

Vedtak frå Teknisk Utval:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjeve med heime i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20- 1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d) avslag på oppretting av ny grunneigedom på gbnr. 38/14 til buffersone mot MOWI sitt anlegg på 38/2 då tiltaket er i strid med planformålet og byggjegrænse mot sjø. Ein er og i strid med jordlova §9 ang. omfordeling av dyrkamark. Ein finn ikkje at det er fleire positive sider enn negative sider ved å gje dispensasjon, samt at statleg og fylkeskommunal mynde har og uttala seg negativt og etter lova kan ein då ikkje gje løyve.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 26.11.2024 av sak 37/2024 Referatsak

Det vart ikkje lagt fram noko referatsaker i møtet.